



Kari Bråtun vart i dag kretsmeister i langrenn. På biletet ser vi ho saman med Kristian Øvstebø etter sigeren i Akraløpet 2018.

I dag vart det tradisjonelle Ulvikarennet arrangert. Løpet gjekk i fristil, og rennet var også kretsmeisterskap for Hordaland i denne stilarten. Rennet samla dermed eit stort tal deltakarar frå heile fylket. Fleire løparar frå UIL deltok i rennet, og dei hevda alle seg godt i kamp med dei beste skiløparane i fylket. Kari Bråtun gjekk heilt til topps i kvinneklassen.

Kari Bråtun er ein svært allsidig idrettsutøvar. I tillegg til å vera ein god skiløpar har ho i fleire sesongar vore ein av bærjelkane i Rosendal sitt damelag i fotball. I terrengløp har ho og gjort det godt og har m.a. blitt Kvinnheradsmeister i tillegg til at ho har vunne ei rekkje lokale løp. Dessutan har ho bidrege på trenarsida m.a. i skigruppa. I dag vart ho altså kretsmeister i langrenn då ho gjennomførte 5 km i fri teknikk på 16.53.00 i Ulvikarennet. Med det var ho 9 sekund føre sølvvinnaren Siri Titland Martinsen frå Fana IL i mål.

Uskedal IL var svært nær ved å få ein vinnar til i rennet. Linnea Myklebust Ripel fugte opp den flotte innsatsen frå renna tidlegare i vinter. Ho var berre eitt einaste sekund for seint i mål til å vinna J11-klassen. Som sist helg var det Emma Rongve Brattebø frå Voss som sikra seg sigeren. Tre andre lovande uskedelingar deltok i rennet, og dei gjorde alle ein super innsats i konkurranse med Hordalands-eliten. William S. Eik og Amund Hella Berge-Soldal fekk kvar sin 6.plass i henholdsvis G11 og G12-klassen. Anna Elisabeth Samland Eik vart nr 5 i J14. Også løparar frå andre Kvinnheradslag gjorde det godt.

De kan lese meir på [UIL si heimeside](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Lars Emil Berge